


# HELsing FRÅ KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR VIK



ÅRGANG 76

NR. 03 DESEMBER 2023



«Nå er den hellige time.  
Vi står i stjerneskinn  
og hører klokkene kime.  
Nå ringes julen inn ...»

(E.Skeie/Tore W. Aas)

God jol!



## Ei strime av von

Av biskop Ragnhild Jepsen

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik:  
Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.  
Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.



Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i budskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørgje, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

### **Advent- og julesalmestund laurdag 9. des. kl. 15.00**

Det er mange advent- og julesalmar som nesten ikkje vert sunge i advent og julehøgtida. Difor ynskjer me å invitera til salmestund i Kyrkjestova, der vi kjem til synge nokre av dei.

Det blir enkel servering.

*Rasmus Rustad og Krista Revsbech*

## **Julefest for små og store**

vert tradisjonen tru arrangert i Kyrkjestova 3. juledag, onsdag 27. des. kl. 16.00.

Det blir servering, gang kring juletreet, englelotteri m.m.  
Fri inngang.  
Hjarteleg velkomen!

*Vik sokneråd*





## Kyrjeklokka

Lognt i gjennom lufti lokkar  
klokketonen, varm og klår.  
Helsingsbod frå kyrjeklokka  
kring om kjende grender går.

Høyrer du den sterke ljomen  
kor han skjelv i lufti linn?  
Kjenner du kor mjuke omen  
vekkjer minne i ditt sinn?

Då dei bar oss fyrste gongen  
opp til Herrens heilagdom,  
tona også same songen  
då me fekk i kyrkja rom.

Så på ferdi trutt ho kalla  
lyfte hugen opp frå jord  
signa kvart eit steg, kvar alder  
med eit himmelsk helsingsord.

Og når livsens ferd har ende,  
ætti står kring grav med gråt,  
då sitt siste velfar sender  
ho med hugmild kløkkelåt.

Hennar tonar minner alle  
om det mål som Gud har sett  
for vårt liv, og frelsebodet  
midlar ho til kvar ei ætt.

Ja, du kjære kyrjeklokka,  
brei du tonen vida ut!  
Hald du ved å kalla, lokka  
kyrkjelyden inn til Gud!

T. Hv.

Diktet er å finna i Helsing frå kyrkja for akkurat 50 år sidan.

## Kyrjeklokkene i Vik prestegjeld

I kommunen vår har vi i alt 13 kyrjeklokker. Jamt fordelt utover i sokna og med eit aldersspenn på over 800 år! Over to artiklar her i Helsing frå kyrkja skal vi sjå nærare på alle desse klokkene og det rommet dei heng i. Mange har diverre ikkje vore oppe i kyrkjetårnet, eller «tårnet» som vi seier. Tårnet og dels loftet over kyrkeskipet har tradisjon for å vera lagerplass for saker og ting, og kan innehalda ein del gammalt inventar som no er ute av bruk. Og øvst oppe heng klokkene, eller klokka, alt etter kvar vi er.



I denne utgåva ser vi på klokkene i Fresvik, Vangsnes og Hove kyrkjer, og i neste nr. går turen til Feios, Vik og Arnafjord. Stavkyrkja på Hopperstad har diverre ikkje lenger eiga klokke etter at den i 1877 vart hengt opp i Vik kyrkje.

Det knyter seg mykje historie til fleire av klokkene, men det tek vi lett på i denne omgang og fokuserer mest på dagens situasjon.

### Fresvik

Her heng det heile 4 klokker i tårnet; dei to eldste i kommunen og to av dei yngste! Gamleklokkene er frå 1200 og 1250 medan dei nye kom i 1985. Nyeklokkene er, iflg inskripsjon på den minste klokka ei gåve frå Olav, Kari og Marta Hatlelid og andre bygdefolk. Klokkene, som er støypt i Tønsberg ved Olsen&Nauen klokkestøperi vart i 1985 montert i tårnet med elektrisk ringing, dvs klokkene vart sette i pendling av elektriske motorar og enkeltslaga utført av ein elektromagnetisk hammar. Alt fjernstyrt med knappar frå prestesakristiet.

Når vi skriv vart er det av di elektronikken no sidan eit par år gradvis har takka for seg, etter snaut 40 år, og klokkene blir no frå oktober styrt med tau og kyrkjetenaren sine hender. Vi er altså tilbake til ekte handverk, der vi var på 1200-talet og fram til 1985. Men dei nye klokkene er svært gode med sin skarpe reine klang og kan heilt sikkert gi lyd frå seg i mange 100-år enno. På dei gamle klokkene er det ingen synleg inskripsjon.

På den minste av dei nye står det på eine sida: KLOKKENE ER EI GÅVE FRÅ OLAV, KARI OG MARTA HATLELID OG ANDRE BYGDEFOLK. På andre sida: ANDEN OG BRURI SEIER «KOM». Med «bruri» meinest her kyrkja/kyrkjelyden.



*Gamleklokkene er ikkje lenger i bruk. Dei hang mest truleg i stavkyrkja som vart riven i 1881.*



*Nyeklokkene frå 1985. Den minste, til høgre, blir no brukt til enkeltslag og i samspel med den største. Vi ser motoren og den elektriske hammaren på storeklokka til venstre.*

På den største klokka står det: SOLI DEO GLORIA som kan omsetjast med «åleine Guds ære». Og på andre sida: «LAND, LAND, LAND, HØYR HERRENS ORD»

### Vangsnes

Her på Vangsnes får ei klokke gjera jobben åleine. Det har den til gjengjeld gjort lenge; heilt frå denne kyrkja vart reist på tuftene etter den gamle stavkyrkja i 1861. Klokka ber preg av alderen og at den er støypt under heilt andre tilhøve enn td dei nye klokke-ene i Fresvik, som er heilt utan støype-merker og dessutan stemt i dreiebenk etter støyping. Lyden i Vangsnesklokka er som eit kor; her er fleire stemmer samtidig som saman gir ein rik klang. Slik høyrer det i alle fall ut for oss som står heilt innåt klokka under ringing. Den er heller ikkje stor, og difor lett å ringja med. Men trass i sin moderate storleik har den rike innskripsjonar: LAXEVAAGS VÆRK DEN 11TE SEPTEMBER 1861 BERGEN. TIL GUDS ÆRE! LYT TIL MIN KLANG! JEG KALDER DIG FRA LIVETS KAMP TIL HIMMERIG.



*Vangsnesklokka frå 1861  
gjer jobben åleine.*

### Hove

I steinkyrkja på Hove er det no ei klokke, snart 400 år gamal. Det var ein periode to klokker her, men i 1880-åra vart dei gitt i gåve frå Vik kommune til kyrkja i Befato på Madagaskar, via Det Norske Misjons-selskap. 90 år seinare, i 1971, kom den eine klokka tilbake til kyrkja på Hove, etter innsats frå misjonsprest Per Hovland. Det synte seg då at i mellomtida hadde klokka vore ein snartur til Norge, i 1946-48, for reparasjon i Oslo! Ein kan tydeleg sjå på klokka at ho er reparert for sprekk eller brotskade. Ellers er klokka rikt dekorert med mønster og figurar i eit band kring heile. Den andre klokka som hang her i tårnet skal ha vore eldre. Øvst oppe på klokka finn vi teksten HOF'S KLOCKE 1694.



*HOF'S KLOCKE 1694*



# Kyrkjelyden si storstove har fått ei oppgradering

Etter nesten 28 år med flittig bruk var det trong for å skifte ut det gamle golvbelegget i salane på Kyrkjestova. Arbeidet med å fjerne det gamle belegget vart gjort på dugnad. Hausten 2022 vart det installert varmepumper i begge salane for å redusere straum-utgiftene (i 2022 var utgiftene til straum ca. kr. 77000,-).

Vi har også skifta lysarmaturen i gangen og møterommet. Dei gamle taklampene hadde u-forma lysrør. Desse er ikkje lenger tilgjengelege, difor har vi fått installert led-armatur.

I haust har takvindauga på sørsida av loftsrommet vorte fjerna. Desse vindauga har i lang tid hatt lekkasje og det har ført til at vindaugsrammene hadde rote-skade. Det er framleis takvindauge på nordsida av loftsrommet slik at det kjem inn dagslys. Desse takvindauga er også godkjende som rømmingsveg. Til saman er det brukt nærare kr. 300.000,- på nyinvesteringar og vedlikehald.

## Takk for støtte

Takk til alle som har gjeve gåver til drifta av Kyrkjestova. Vi har så langt i år fått ca. 46.000,- i minnegåver og gåve i samband med bursdagsfeiring.

Den 4. oktober hadde «Gamlekara» ein flott haustkonsert på Kyrkjestova med over 90 frammmøtte!



*Gamlekara spelar – og står på det fine nye golvbelegg.*

I staden for inngangspengar vart dei frammmøtte oppmoda om å gje ei gåve til Kyrkjestova. Til saman kom det inn kr. 9750,-.

I tillegg er det mange som er med på gjevarteneste. Mange støttar også drifta med frivillig arbeid. Blant anna er det ein flott gjeng som tek seg av reinhald. Det gjer at vi så langt ikkje har løna tilsette. Dersom du vil vere med og støtte drifta av Kyrkjestova, kan du nytta Vipps nr. 825040 eller opprette faste betalningar til gjevarteneste (giro nr. 3800 10 29298).

**Olav M. Hove/leiar i styret**



# Kyrkjelydstur til Sylvarnes

I september var det kyrkjelydstur til Sylvarnes, der vi hadde ein koseleg ettermiddag med god servering i solskinnet utanfor det gamle skulehuset. Dette kan trygt bli ein tradisjon!





# Gjertrud på utflukt til barndommens skulehus

Ei av deltakarane på turen har faktisk gått i skule nettopp her i det vesle gule huset – og ho har formidla nokre minne frå barndom og skuletida hennar til kyrkjebladet:

Gjertrud Orvedal er født 3/3 - 1933 på garden Kyrkjeteig på Sylvarnes som den andre av fire jenter. Da eldste systera hennar akkurat var ferdig med 7 års skulegang i det vesla huset, starta Gjertrud på skulen. Det var omtrent 20 minutt å gå, men ho hadde følgje av barna frå nabogarden, som måtte gå ti minuttar lengre.

Dei fyrste åra hadde ho ein lærar, Sigrid Finden, som budde og underviste i skulehuset to veker om gongen. Dei neste to veker budde ho i Finden og underviste der.

Sigrid Finden var høgt elska av ikkje berre ungane, men av heile befolkninga på Sylvarnes. Då ho reiste, fekk ho 6 sølvteskeier som gåve frå barn og foreldre, og læraren måtte ta opp ein fin kvit lommeduk og tørka auga sine, hugsar Gjertrud. Og Sigrid Finden fortalde at ho kvar morgon, før ho underviste, hadde stått i døra til skulehuset, sett opp mod himlen og bedt Gud om hjelp til dagen.

Der var høgst ti elevar i skulen i dessa åra, fortel Gjertrud. Dei to vekene der læraren ikkje kom, hadde dei heimerekning og stilskriving – og alt måtte skrivast pent inn med blekk.

Gjertrud hugsar ikkje at nokon fekk straff. «Vi tenkte at om ein måtte sitja etter, var ein merka for livet!» fortel ho med eit smil.

Etter Sigrid kom ein annan lærar –



som ikkje kunne synge. Han spilte melodien på et lite handorgel når de skulle syngast ein salme. Desverre kun med ein finger. Dei gledde seg til matpausen for bordverset brukte han begge hender til!

Faren til Gjertrud hadde en motorbåt som dei brukte dersom familien hennar skulle til kyrkje i Arnafjord. Men det var ein del «kyrkje» i skulen dengang, og kvar morgon Fadervår og ein salme, eit bordvers til matpausen og eit kveldsvers når skuledagen slutta.

**Krista Revsbech**



# Biletglimt frå trusopplæringa hausten 2023



4-åringar Vik

4-åringar Fresvik



4-åringar Feios



6-åringar Vik



6-åringar Feios

Høstgudsteneste i barnehøge ...



# Ungdomsklubb i Fresvik!



Hei! I Fresvik og Feios har me ungdomsklubb kvar siste onsdag i månaden. I Fresvik låner me då bibliotek og gymsal ved Fresvik Enspire skule. Trond Kråvik frå Balestrand er primus motor og med seg har han ulike elevar ved Sygna VGS kvar gong. På programmet står lek og moro, andakt og matøkt. Soknerådet står for servering og organisering. Det er godt frammøte kvar gong og veldig kjekt!

**Marianne Bøthun**



## Kvardagsskule

VIK KVAR DAGSSKULE er søndagsskule på ein kvardag og er for gutar og jenter frå ca. 3 år og oppover. Vi er tilslutta Norsk Søndagsskoleforbund, og vi er ein del av Vik kyrkjelyd sitt barne- og ungdomsarbeid.

Vi har ein liten andakt, og elles syng vi i lag og har m.a. ein teikneaktivitet.

Dei største ungane – frå 3. klasse og oppover – har eit eige opplegg i deler av tida. Dei som vil, har med litt pengar til barn som ikkje har det så godt som vi her i Noreg. Det er kjekt om foreldre eller eldre søsken er med

Kvardagsskulen er i Kyrkjestova om måndagane frå kl. 17.30 – 18.15.

Vi vonar at DU har lyst til å koma!!!

### VÅRPLAN 2024 FOR VIK KVAR DAGSSKULE:



Januar: Mandag 29.01.24

Februar: Mandag 05.02.24  
Mandag 12.02.24  
Mandag 26.02.24

Mars: Mandag 04.03.24  
Mandag 11.03.24  
Mandag 18.03.24

**Tove Geithus og Karen Tangstad**

## Nye konfirmantar



Fresvik



Vik



Feios

## Gullkonfirmantar

Tradisjonen tru inviterte Vik sokneråd og kyrkjekontoret dei som vart konfirmert for 50 år sidan til jubileum 23. og 24. september 2023. Dette galt dei som høyrde til sokna i Vik kommune den gongen: Arnafjord, Vik og Vangsnes. Me møttest til festmiddag på Blix hotell laurdag kveld; god mat og god prat! Samværet der vart toppa med Gygrene som kom innom med eit populært innslag. Takk til dei!

Søndag møttest me til Gudsteneste i Vik kyrkje der konfirmantane vart presentert. Etter det hadde soknerådet invitert til kyrkjekaffi på kyrkjestova. Takk også til dei! Jubilantane som hadde høve til å møte, var takksame for invitasjonen og sette eit personleg preg på samværet. Biletet er teke i Vik kyrkje søndagen. Det var nokre som berre deltok på laurdag, desse er difor ikkje med på biletet.



Framme frå v.: Karsten Seim, Reidun Nese Hopperstad, Nils Geir Myrkaskog, Ove Fretheim, Per Olav Geithus, Urd Vikøren, Gudveig Tryti, Lise Hove, Irene Vange

2. rekke frå v.: Ola Hove, Oddvar Grønsberg, Lars Seljestø, Mette Karin Stadheim Yttri, Gyri Hove, Knut Hornnes

Bakerst frå v.: Ove Andersen, Inger Fjærestad, Nils Kåre Fjærestad, Arnfinn Halrynjo, Lise Haugstad



## Fresvik: Sveastevne

Gudsteneste og ei koseleg samling søndag 27. august på Svea Gard, med ca 40 deltakarar frå heile Vik kommune. I tillegg til Karen prest og organist Krista så deltok også strengemusikken til Frelsesarmeen, som også fekk dagens takkeoffar. Soknerådet ordna med litt velsmakande kaffimat og drikke. Laila og Jostein Sveen fekk ei velfortent takkegave for å stille hus og heim til disposisjon. Alltid like kjekt å kome til Svea.

**Marianne Bøthun**



## Fresvik: Dugnad på kyrkjegarden vår



Flott gjeng og som ordna opp med klypping, raking og rydding. Velfortent kaffepause!

**Marianne Bøthun**

## Vik Kvinne- og Familielag

Bli kjende-kveld med tema «eple». Neste Bli kjende-kveld blir tysdag 5. desember, og det fortsetter med ein tysdag i månaden etter jul. Kontakt: Grete Grønningsæter tlf. 959 64 059








# BARNAS

## Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



## Vits

- Kan eg få ein hund til jul, pappa?  
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca



Søndagsskolen - mer enn du tror



# Nytt frå kyrkjeverja

## Ledig stilling/ frivillige medarbeidarar.

Oppgåvene på kyrjekontoret er mange og varierte. Det viktigaste er å legge til rette for forkynning, barne- og ungdomsarbeid, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Til dette treng me personell med tilstrekkeleg interesse, kunnskap og/eller erfaring; - lønna eller frivillige. I sommar vart ressursane redusert med 60 % stilling (kyrkjelidssekretærstillinga). Det har diverre ikkje lukkast oss å rekruttere inn nye medarbeidarar. Dersom du les dette og tenkjer at ei stilling innan barne og ungdomsarbeid i kyrkja sin regi ville vore noko for deg; så ta kontakt! Me søker også etter frivillige medarbeidarar til å delta i våre oppgåver.

## Kyrkjer og gravplassar; vedlikehald

Vik kyrkjeleg fellesråd har ansvar for 5 kyrkjer og 7 gravplassar. Alt dette er i bruk. Me har ansvar for at kyrkjene er i så god stand at dei ikkje vert påført skade. Som nemnt i førre «Helsing frå kyrkja», er det fleire kyrkjer som har dårlege tak; dette gjeld både Vik, Vangsnes og Feios. Takheller er lause og i fare for å falle ned. Av den grunn er det no sperra av område ved desse tre kyrkjene. Trekonstruksjonen er også påverka av vasskade i Vik kyrkje. Det vert arbeidd med tiltak både på kort og lang sikt. Det er mykje arbeid å halda alle gravplassane me har ansvar for. Me opplever tid om anna større forventningar til stell ved gravene enn det fellesrådet har ressursar til å innfri.

## Lystenning

No er det snart mørketid og ein ynsker lystenning på gravene. Alle lys som skal nyttast skal vere fast



*Frå kaikanten ved Vik kyrjekontor.*

montert på gravminnet eller i bedet. Brukte batteri og elektriske lys bed me om at de tek med for å kaste på eigna måte.

## Kyrkjevalet 2023

Dette vart gjennomført 11. september og nye sokneråd vart valde. Takk til dei «gamle» sokneråda/valstyra for gjennomføring av vala i alle 5 sokna. Dei nye sokneråda skal virke frå 1.11.23. lister over råda er gjort kjent på heimesida vår; <https://www.vik.kyrkja.no>. Nytt fellesråd skal virke frå 1.12.23

## Universell tilrettelegging i Vik og Feios kyrkje

Bjergvin bispedømme og Riksantikvaren har godkjent tiltak i Feios kyrkje der ein skal redusere dei bakste benkane i kyrkja for å få betre plass til barnevogn, rullestol m.m. Ein arbeider for å få utført tiltaket. Arbeidet med tilkomsten inn i Vik kyrkje nærmar seg også ferdige planar som ein kan søkje om løyve til å gjennomføre. Me vil også ta initiativ til at arealet mellom kyrkjemuren og RV13 vert vurdert sikra.

**Marit J Andersen**

Kyrkjeverje/Dagleg leiar

## Kyndelsmessebasar

vert arrangert på Kyrkjestova  
laurdag 3. februar kl. 15.00

Inntekt til

Det Norske Misjonsselskap.

*Kyrkjestova Misjonslag*

## Døpte:

### Fresvik:

27.08.2023 Linnea Hauglum

### Hove:

29.07.2023 Lage Seim

### Vik:

24.09.2023 Hedda Wold

24.09.2023 Gine Flisram

08.10.2023 Harald Stadheim Rye

## Uigde:

### Hopperstad:

05.08.2023 Jean-Baptiste Francois

Milon og Lisa-Marie

Måseidvåg Selvik

### Hove:

19.08.2023 Mats Helgås Sæterlid og

Birgitte Rinde Fosse

19.08.2023 Andre Borgan Rynning og

Sigrid Teigen Kvåle

## Gravferd - urnenedsetjing:

### Arnafjord:

04.08.2023 Klara Halset f.1933

07.09.2023 Tora Birgitta Halset f.1929

3.10.2023 Arve Mikael Nordstrand f.1943

20.10.2023 Sigmund Fretheim f.1937

### Feios:

26.09.2023 Norvald Høyum f.1946

04.11.2023 Gerd Osen f.1926

### Fresvik:

20.07.2023 Per H Bøthun f.1938

### Vangsnes:

01.08.2023 Tea Kristine Rebni f.1936

### Vik:

21.07.2023 Arne Thune f.1931

03.08.2023 Jenny Eli Fjellanger f.1934

08.09.2023 Asbjørn Karstein Årevik f.1946

09.11.2023 Kristine Marie Almås Sandvik f.1928

10.11.2023 Inger Anne Opheim Tryti f.1959

### Bladpengar

I dette nummer  
av Helsing frå  
kyrkja finn du ein  
giroblankett;  
– vonar du vil betale  
kr. 150.- for  
2023/2024 om  
du bur i Vik, eller  
200.- om du bur  
utanbygds.

På førehand TAKK!

Hjarteleg takk for  
minnegåve til  
Arnafjord kyrkje ved  
Tora Birgitta Halset  
si gravferd.

*Arnafjord sokneråd*

Feios kyrkje syner  
stor takksemd for  
testamentarisk gåve  
frå Gerd Osen.

*Feios sokneråd*



# NAMN OG NUMMER

**VIK KYRKJEKONTOR:** 479 77 806 **E-POST:** KYRKJELEG.FELLESRAAD@VIK.KOMMUNE.NO

## KYRKJELEG TILSETTE:

### Kyrkjeverje

Marit Johanne Andersen

epost: marit.johanne.andersen@vik.kommune.no

## TELEFONAR

kontor 479 77 806

mobil 906 86 227

## KONTORTID

mandag,  
tysdag og  
onsdag

kl. 10.00–15.00

## Sokneprest i Vik, Vangsnes, Arnafjord, Feios og Fresvik

Karen Helene Bøhn Melhus

e-post: karen.helene.bohn.melhus@vik.kommune.no

tlf. 468 89 980

## Prostiprest

Rasmus Bolstad Rustad

e-post: rasmus.clemens.bolstad.rustad@vik.kommune.no

tlf. 977 38 134

## Organist

Krista Revsbech

epost: kristarevsbech@gmail.com

tlf. 0045 25 30 48 78

## Leiande kyrkjetenar i alle kyrkjene

Nils Kvamme

tlf. 957 30 615

## Kyrkjelydspedagog – vakant stilling

Tove Sortevik Geithus vikar

tlf. 908 09 113

## Kyrkjetenar i Vik og Vangsnes

Jonathan Nahayo

tlf. 941 71 504

## Kyrkjetenar i Arnafjord

## Kyrkjetenar i Feios

Britt Inger Rinde Eikeland

tlf. 908 39 156

## Kyrkjetenar i Fresvik

Henk van Nierop

tlf. 918 70 581

**Når alle er ute i oppdrag, kan resepsjonen på Kommunehuset formidla kontakt**

## ANDRE TELEFONAR

Soknerådsleiar Vik:

Reidunn Bolstad,

tlf. 905 33 581

Soknerådsleiar Arnafjord:

Endre Nese

tlf. 415 10 401

Soknerådsleiar Vangsnes:

Brita Sissel Turvoll

tlf. 909 28 179

Soknerådsleiar Feios:

Arnstein Feidje Linde

tlf. 909 30 320

Soknerådsleiar Fresvik:

Kirsten Johanne Bøtun

tlf. 951 49 366

## VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD:

Leiar: Ikkje valt

## Utleige Kyrkjestova:

Sylvi Nummedal

tlf. 469 28 613

Nummedal Gravferdsbyrå v/ Arnfinn Nummedal

tlf. 918 85 770

# VELKOMMEN TIL KYRKJE

|                                                      |                  |                                                                  |
|------------------------------------------------------|------------------|------------------------------------------------------------------|
| <b>3. des., 1. s. i adventstida</b><br>Luk 4,16–22a  | <b>kl. 17.00</b> | <b>Feios kyrkje</b><br>Lysmesse v/ Karen Melhus                  |
|                                                      | <b>kl. 19.00</b> | <b>Fresvik kyrkje</b><br>Lysmesse v/ Karen Melhus                |
| <b>10. des., 2. s. i adventstida</b><br>Luk 21,27–36 | <b>kl. 16.00</b> | <b>Vangsnes kyrkje</b><br>Lysmesse v/ Karen Melhus               |
|                                                      | <b>kl. 19.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Lysmesse v/ Karen Melhus                    |
| <b>24. des., Julaftan</b><br>Luk 2,1–20              | <b>kl. 14.00</b> | <b>Fresvik kyrkje</b><br>Julaftangudsteneste v/<br>Rasmus Rustad |
|                                                      | <b>kl. 14.00</b> | <b>Vangsnes kyrkje</b><br>Julaftangudsteneste v/ Karen<br>Melhus |
|                                                      | <b>kl. 16.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Julaftangudsteneste v/ Karen<br>Melhus      |
| <b>25. des., Juledag</b><br>Joh 1,1–14               | <b>kl. 12.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Høgtidsgudsteneste v/ Karen<br>Melhus       |
|                                                      | <b>kl. 16.00</b> | <b>Feios kyrkje</b><br>Høgtidsgudsteneste v/ Rasmus<br>Rustad    |
|                                                      | <b>kl. 16.00</b> | <b>Arnafjord kyrkje</b><br>Høgtidsgudsteneste v/ Karen<br>Melhus |
| <b>31. des., Nyttårsaftan</b><br>Joh 14,27           | <b>kl. 16.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Nyttårsmesse v/ Rasmus<br>Rustad            |
| <b>14. jan., 2. s. i openb.tida</b><br>Mark 1,3–11   | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus                 |



# VELKOMMEN TIL KYRKJE

|                                                     |                  |                                                        |
|-----------------------------------------------------|------------------|--------------------------------------------------------|
| <b>21. jan., 3. s. i openb.tida</b><br>Joh 4,4–26   | <b>kl. 11.00</b> | <b>Feios kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus     |
|                                                     | <b>kl. 16.00</b> | <b>Vangsnes kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus  |
| <b>28. jan., Søndmannssøndag</b><br>Mark 4,26–34    | <b>kl. 11.00</b> | <b>Fresvik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Rasmus Rustad  |
|                                                     | <b>kl. 16.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus       |
| <b>11. feb., Fastelavnssøndag</b><br>Joh 12,20–33   | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus       |
|                                                     | <b>kl. 16.00</b> | <b>Arnafjord kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus |
| <b>18. feb., 1. s. i fastetida</b><br>Matt 16,21–23 | <b>kl. 11.00</b> | <b>Fresvik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus   |
| <b>25. feb., 2. s. i fastetida</b><br>Luk 7,36–50   | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Rasmus Rustad      |
|                                                     | <b>kl. 16.00</b> | <b>Feios kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus     |
| <b>3. mars, 3. s. i fastetida</b><br>Mark 9,17–29   | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus       |
| <b>17. mars, Maria bodskapsdag</b><br>Luk 1,46–55   | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus       |
| <b>24. mars, Palmesøndag</b><br>Matt 26,6–13        | <b>kl. 11.00</b> | <b>Feios kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus     |

## INFORMASJON

|            |                                                        |
|------------|--------------------------------------------------------|
| UTGJEVAR   | Sokneråda i Arnafjord, Feios, Fresvik, Vangsnes og Vik |
| TRYKK      | Printfarm AS                                           |
| BLADSTYRAR | Krista Revsbech                                        |
| KASSERAR   | Sylvi Nummedal                                         |
| BLADPENGAR | Kr. 150,- pr. år. Utanbygds kr. 200.-                  |
| BANKGIRONR | 38003011558                                            |

## VELKOMEN TIL KYRKJE

|                                                     |                  |                                                                                             |
|-----------------------------------------------------|------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>28. mars, Skjærtorsdag</b><br>Luk 22,14-23       | <b>kl. 11.00</b> | <b>Fresvik kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus                                        |
|                                                     | <b>kl. 19.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Måltidsgudsteneste v/ Karen Melhus                                     |
| <b>29. mars, Langfredag</b><br>Mark 14,26-15,37     | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vangsnes kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus                                       |
| <b>31. mars, Påskedag</b><br>Matt 28,1-10           | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus                                     |
|                                                     | <b>kl. 16.00</b> | <b>Arnafjord kyrkje</b><br>Høgtidsgudsteneste v/ Karen Melhus                               |
| <b>14. april, 3. s. i påsketida</b><br>Joh 10,1-10  | <b>kl. 11.00</b> | <b>Vik kyrkje</b><br>Samtalegudsteneste v/ Karen Melhus. Konfirmantane i alle sokn tek del. |
| <b>21. april, 4. s. i påsketida</b><br>Joh 13,30-35 | <b>kl. 11.00</b> | <b>Arnafjord kyrkje</b><br>Gudsteneste v/ Karen Melhus                                      |

*Vi tek atterhald om endringar i gudstenestelista.  
Sjå Sogn avis, plakater, FB og heimesida.*

Heimesida: [www.vik.kyrkja.no](http://www.vik.kyrkja.no)

Facebook: [Kyrkjene i Vik](#)

### KYRKJESKYSS

|                   |                                                  |
|-------------------|--------------------------------------------------|
| <b>Vik:</b>       | Ring leiar Reidunn Bolstad, tlf. 905 33 581      |
| <b>Vangsnes:</b>  | Ring leiar Brita Sissel Turvoll tlf. 909 28 179  |
| <b>Feios:</b>     | Ring leiar Arnstein Feidje Linde tlf. 909 30 320 |
| <b>Fresvik:</b>   | Ring Kirsten Johanne Bøtun tlf. 951 49 366       |
| <b>Arnafjord:</b> | Ring leiar Endre Nese tlf. 415 10 401            |